REFERAT TIL STYREMØTE 03.02.2011

ALLTID BEREDT

18.00-21.00 på Speidersenteret.
Tilstede: Ragnar Pettersen, Louise Pettersen, Kjell Aalvik, Hege Christin Olsen, Dag Johan Steinskog (kom 19:00)
Frå kontoret: Jens Ivar Kleiven
Ikkje tilstades: Ulf Larsen, Christopher Kvalvåg

Sak 8-11 Referat fra forrige møte

Referat godskjent utan annmerkningar.

Sak 9-11 Støtte til deltagere på WSJ
Det vil frå kretsen si side ikkje bli betalt ut noko støtte for deltaking på WSJ.

Sak 10-11 100 års jubileum
Grieghallen var ledig laurdag kveld, og ein bør derfor satse på å ha festforestillingen laurdag kveld. Det vart også foreslått å holde speidergudsteneste søndagen, muligens på festplassen for å markere oss. Det vil også bli sendt ut ein forespørsel til gruppene i kretsen for å få tak i bilder frå gamle kretsleirar.

Bergensspeidernes marsj bør også framførast på eit eller anna vis.

Saka vil bli diskutert vidare neste gang.

Sak 4-11 Friluftsleiren
Informasjon i Bergensområdet vil skje gjennom sammarbeid med kommunen sin folder som kvart år delast ut i grunnskolen. Det burde også forsøkast med å få omtale i Bergensaren om det er mulig.

Brosjyra vil elles bli delt ut i Øystese, Norheimsund, Fjell, Knarvvik og på Voss av oss sjølv.

Aktivitetsledere vil bli rekrutert blant rovere i kretsen, deriblant ELFUL deltakerane.

Kjell undersøker med han som vanligvis køyrer speiderne ut dit om han også kunne tenke seg å hjelpe oss i sommar.

Sak 11-11 Kvamsøy

Kjell er snart ferdig med å undersøkje prisar for det som skal gjørast ute på Kvamsøy, og får fulmakt i frå styret til å slå til når han meiner han har fått eit godt tilbod.

Sak 12-11 Pengesøknader (Kva kan grupper/krets søke?)
Gruppene må minnast på at dei må søke på administrasjonstilskudd frå Bergen kommune innan 20. mars. Grupper i andre kommunar må også huske å søke støtte frå sine kommunar.

Sak 13-11 Toppledermøtet (KL/KS)
Det har vist seg vanskelig å få tak i grupper som kan stille til festmiddagen laurdag. Jens tar kontakt med forbundet og ser om det er mulig å komme fram til ei anna løysing.

Sak 14-11 Besøk hos grupper
Glesnes er 20 år og har invitert kretsstyret til å komme. Louise stiller frå styret. Jens oppdaterer listene over kva grupper som er kven sitt ansvar og sørger for at også Christopher får grupper han er ansvarleg for.

Sak 15-11 Framtidige arrangement
VM står for døra. Dag Johan seier at han og speiderombudet har det meste under kontroll.

Sak 16-11 Home Hospitality WSJ
Det er sendt ut invitasjon til å vere vertsfamilie til alle kretsen sine grupper samt til nyhetsbrev e-post lista. Det er også ringt til dei troppane som har deltakarar slik at invitasjonen vert delt ut i gruppa.

Sak 17-11 Felles styremøte med KM
Sjå eige referat.

Sak 18-11 Eventuelt
Invitasjon til neste års ELFUL bør snart sendast ut.